



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 27.-28.02.2025
Møtestad: E-postmøte
Møtetid: kl 13.00 - 16.00
Møtegodtgjering 1.time

Elin Ringhus meldte seg ugild i sak 008/25. Dette med bakgrunn i at ho har behandla saka i Hovudutval plan og miljø, Fyresdal kommune, der ho er varamedlem.

§ 11-10 i kommunelova, 3.ledd:

Når en klage skal behandles etter forvaltningsloven § 28 andre ledd, er en folkevalgt som har vært med på å forberede eller treffe vedtaket, inhabil til å delta i klageinstansens behandling av vedtaket, eller i forberedelsen av saken for klageinstansen.

Møtedeltakarar	
Bertin Bjåen	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	

Forfall meldt frå følgjande	
Elin Ringhus	

Følgjande varamedlemmar møtte	
Roger Thorsland	

Andre:

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
008/25	Vedtak om dispensasjon for frådelling av hyttetomt - Bjåstøyl gbnr. 39/3, Fyresdal kommune	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	25/235

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	27.02.2025

Vedtak om dispensasjon for fradeling av hyttetomt - Bjåstøyl gbnr. 39/3, Fyresdal kommune

Forslag til vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 4/25 i Hovudutval plan og miljø, Fyresdal kommune, der det blei gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for å etablere hyttetomt på gbnr 39/3. Dispensasjon må bli gjort om.

Villreinen slit. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor fokus på å betre situasjonen for arten. Sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål som er tydeleggjort i seinare år i mellom anna «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027», Stortingsmelding 18 (2023-2024) og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

Dispensasjon i saka vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde. Ein legg til rette for auka menneskeleg ferdsel, noko som kan påverke villreinen negativt.

Villreinnemnda meiner nasjonale og regionale villreininteresser er vesentleg tilsidesett i saka, og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene knyt til omsynet til villreinen. Fordelane ved ein dispensasjon er av personleg karakter, noko som normalt ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonssaker. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades.

Villreinnemnda vil og påpeike at arealsaker som angår villreinområde skal sendes til villreinnemnda for uttale. Det er ikkje gjort i denne saka.

Sand, 03.03.2025

Saka

Grunneigar av gbnr. 39/3 i Fyresdal kommune har søkt om vidareføring av dispensasjon gitt i 2007, subsidiært om dispensasjon for å skilje ut ei hyttetomt.

Kommunen godkjente i 2007 ein dispensasjonssøknad om frådelling av to hyttetomter på eigedommen. Den eine tomte vart fråskilt og bygd i 2009. Den andre tomte har ikkje blitt realisert. Eigedommen skal nå overdragast og det er ynskje om at den siste tomte nå kan etablerast. Vedtaket som vart gjort i 2007 opplyste ikkje om at det var ein tidsfrist for når bygging måtte skje. Det var derfor forstått at dispensasjonen var evigvarande. Plassering og storleik av ny tomt er ikkje endeleg avklara, men kommunen er innstilt på at tomte bør vere i nærleiken av tomte som vart frådelt i 2009 med tilhøyrande vegforbindelse.

Tiltaket ligg i Våmur Roan villreinområde.

Behandling

Villreinnemnda blei kjend med saka når ein fekk kopi av uttala frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, datert 28.01.2025. Statsforvaltaren rådde i frå å gi dispensasjon i saka da aktuelt tiltak kjem i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein.

Hovudutvalet for plan og miljø gjorde følgjande vedtak i saka 05.02.2025, sak 4/25:
*I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for å etablere hyttetomt på gbnr 39/3 med lokalisering slik blå ring i kartutsnitt i saka syner. Med bakgrunn i dispensasjon gitt i 2007 og ny informasjon er vilkåra tilstades for å kunne gje dispensasjon.
Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år fell også tillatinga bort.
Det må søkjast om frådelling og byggjeløyve på vanleg måte, jfr. Pbl § 20-1.*

Da dette såg ut til å vere ei sak som villreinnemnda skulle hatt til uttale blei det 07.02.2025 bedt om at Fyresdal kommune sende over relevante dokument i saka. Desse blei mottatt 10.02.2025.

Saka blei lagt fram som ei meldingssak for arbeidsutvalet i nemnda i møte 13.02.2025 (sak 003/25, punkt 4). Det blei her vedteke at sekretariatet vurderer saka nærare og legg fram saka til arbeidsutvalet i eit e-postmøte.

Planstatus

Det er kommuneplanen sin arealdel som er gjeldande plan og i denne ligg området i LNF-område og med omsynssone villrein. I planen sine Føresegner og retningslinjer heiter det mellom anna:


- **4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE**
«I LNFR-a områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er her berre tillat med utbygging som er knytt til stadbunden næring.
- **6.1.4 Hensynssone – villrein.**
«Ved handsaming av søknader om tiltak innan hensynssona skal omsynet til villreininteressene vektleggast særskilt.»

Villreinen i området

Vedtatt bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde legg opp til at det skal vere om lag 200 dyr i området.

Kvalitetsnorm for villrein er eit kunnskapssystem som klassifiserer villreinområda i god, middels eller dårleg kvalitet. Våmur-Roan blei i 2023 klassifisert til middels kvalitet med god tilstand for bestandsforhold og leveområde, men middels kvalitet for lavbeite.

Kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsnorma beskriv mellom anna funksjonsområder for villreinen. Vinterbeita ligg i hovudsak i nord, mens heile leveområdet i Våmur-Roan er avgrensa som sommar- og haustbeite. Når det gjeld kalvings- og oppvekstområda i Våmur-Roan er kunnskapen liten. I kunnskapsgrunnlaget er det peika på nokre konkrete område med bakgrunn i enkeltopplysningar. Det er antatt at reinen i Våmur-Roan bruker langt større områder på denne årstida.



Funksjonsområde for villrein i Våmur Roan. Tiltaket ligg i rødt markert område.

Vurdering

Det blir i saka vektlagt at det blei gitt dispensasjon til frådelling i 2007. Denne er utgått. Sekretariatet meiner at frådelling må vurderast heilt på nytt med oppdaterte føresetnadar og kunnskapsgrunnlag.

Villreinen slit. Den samla belastninga grunna fragmentering av leveområda er for stor. Det er derfor eit stort fokus på å betre situasjonen for arten. Sikring av villreinenens leveområde er eit nasjonalt mål.

I regjeringa sine «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027» er det nye og tydelege forventningar om å sikra leveområda til villreinen.

I Stortingsmelding 18 (2023-2024) «Ein forbetra tilstand for villrein» presenterast politikk for å forbetre villreinen sin tilstand i Norge. Målet er mellom anna å snu den negative utviklinga innan 2030. Regjeringa legg opp til ein høg terskel for nye inngrep og seier det er «nødvendig med ei helskapeleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet». Det er eit mål å over tid oppretthalde minst det leveområdet villreinen har i dag. Å ta vare på dei viktigaste funksjonsområda til villreinen er derfor sentralt.

Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet blei fastsett ved kgl.res. 24. januar 2025. Her heiter det i punkt 3.8 Villrein: «Arealplanleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Dette innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder».

I saksutgreiinga blir tiltaket vurdert utifrå naturmangfaldlova § 8-12. Det blir konkludert med at ein ikkje kan sjå at tiltaket vil føre til ulemper for naturmangfaldet i området. Sekretariatet meiner det i vurderinga blir teke for lite omsyn til villreinen og dei nasjonale målsettingane om å ta vare på arten. Tiltaksområdet har funksjonsverdi som vinterbeiteområde, samt sommar og haustbeiteområde. Det kan også vere eit potensielt kalvings og oppvekstområde, men dette har me generelt lite kunnskap om for Våmur-Roan.

Deling av fritidseigedommen er ingen stor sak i seg sjølv, men i saker som denne må ein sjå på samla belastning. Det er ikkje tilstrekkeleg å vurdere konsekvensar isolert og berre ut frå eit nåtidsperspektiv. For å unngå ei bit for bit utbygging treng ein ei helskapeleg forvaltning. Ei ny fritidsbustad vil leggje til rette for auka menneskeleg aktivitet i området, noko som kan påverke villreinen negativt.

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2 kan dispensasjon ikkje givast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesett. I tillegg skal fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene. Det kan heller ikkje dispenserast frå saksbehandlingsreglar.

Sekretariatet meiner nasjonale og regionale villreininteresser er vesentleg tilsidesett i saka, og kan heller ikkje sjå at fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene knytt til omsynet til villreinen. Fordelane ved ei frådeling er av personleg karakter, noko som normalt ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonssaker. Sekretariatet meiner dermed er at vilkåra for å kunne gi dispensasjon ikkje er til stades i saka.

Til slutt må det nemnast at arealsaker som angår villreinområde skal sendes til villreinnemnda for uttale. Det er ikkje gjort i denne saka (pbl § 1-4). Nemnda har derfor ikkje gitt uttale til Fyresdal kommune før Hovudutvalet for plan og miljø gjorde vedtak i saka.

Sekretariatet vil rå arbeidsutvalet i villreinnemnda til å klage på vedtaket.

27.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

4 røysta for forslag til vedtak

1 røysta imot og støtta Hovudutvalet for plan og miljø i Fyresdal kommune sitt vedtak i saka.

VRN-AU - 008/25 Vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet klage på vedtak i sak 4/25 i Hovudutval plan og miljø, Fyresdal kommune, der det blei gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for å etablere hyttetomt på gbnr 39/3. Dispensasjon må bli gjort om.

Villreinen slit. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor fokus på å betre situasjonen for arten. Sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål som er tydeleggjort i seinare år i mellom anna «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027», Stortingsmelding 18 (2023-2024) og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

Dispensasjon i saka vil kunne bidra til ei bit for bit utbygging av villreinen sitt leveområde. Ein legg til rette for auka menneskeleg ferdsel, noko som kan påverke villreinen negativt.

Villreinnemnda meiner nasjonale og regionale villreininteresser er vesentleg tilsidesett i saka, og kan heller ikkje sjå at fordelene med å gi dispensasjon er større enn ulempene knytt til omsynet til villreinen. Fordelane ved ein dispensasjon er av personleg karakter, noko som normalt ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonssaker. Dermed er ikkje vilkåra for å kunne gi dispensasjon til stades.

Villreinnemnda vil og påpeike at arealsaker som angår villreinområde skal sendes til villreinnemnda for uttale. Det er ikkje gjort i denne saka.